

Osterfjord Nærings samarbeid
Strategisk plan
2024

INNHALD

1. Innleiing
2. Føremål
3. Osterfjord Næringssamarbeid sine oppgåver og bidrag
4. Samarbeid
 - 4.1. Vestland fylke
 - 4.2. Høgskulen på Vestlandet
 - 4.3. Lag, foreningar og utviklingselskap
5. Særtrekk ved regionen
 - 5.1. Modalen kommune
 - 5.2. Vaksdal kommune
 - 5.3. Osterøy kommune
6. Kjelder til informasjon, kompetanse og finansiering
 - 6.1. Informasjon og kompetanse
 - 6.2. Finansieringskjelder
7. Strategiske innsatsområde
 - 7.1. Grøn Næringsutvikling
 - 7.2. Areal til Næringsutvikling
 - 7.3. Kompetanseutvikling i Næringslivet
 - 7.4. Innovative og inkluderande samfunn
8. Møtstruktur i Osterfjord Næringssamarbeid
9. Vedtekter for Osterfjord Næringssamarbeid
 - 9.1. Føremål
 - 9.2. Organisering / deltakarar
 - 9.3. Fellesmøtet
 - 9.4. Sekretariat
 - 9.5. Samarbeid med Vestland Fylkeskommune
 - 9.6. Økonomi
 - 9.7. Revisjon
 - 9.8. Endring av vedtektene
 - 9.9. Avvikling
10. Retningslinjer for drift av Osterfjord Næringssamarbeid
11. Vedlegg
 - 11.1. Partnerskapsavtalen s.1.
 - 11.2. Partnerskapsavtalen s. 2.
 - 11.3. Søknad om partnerskapsmidlar 2018 – 2020

1. INNLEIING

Modalen, Vaksdal og Osterøy kommunar etablerte i 2001 Osterfjord Næringsssamarbeid (ONS) for å kunne samarbeide om regional næringsutvikling. Idéen er at samarbeidet skal byggje vidare på det lokale næringsutviklingsarbeidet som skjer i kvar av kommunane.

Vestland fylkeskommune er ein viktig samarbeidspartnar for Osterfjord Næringsssamarbeid kor fylkeskommunen også bidrar med finansiering. Partane har inngått partnerskapsavtale der ein viktig del av samarbeidet er å stimulera til næringsutviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene for å utnytte regionen sitt samla vekstpotensiale.

Partnerskapsavtalen med fylkes kommunen gjekk ut i 2020.

Deltakarar i ONS pr. 30.09.23:

Osterøy: Åse Nilssen, arbeider som sekretær for Osterøy Industrilag og har også sekretariatet for ONS.

Vaksdal: Jørgen Lie Kjøndal, dagleg leiar i Vaksdal Næringssselskap.

Modalen: Tonje Husum Aarland, tilsett som ass. rådmann i Modalen kommune.

Ordførarane i kommunane Osterøy, Modalen og Vaksdal får innkalling til Fellesmøtet der dei har møte- og talerett.

Frå 2005 til 2018 har Industrikonsulenten på Osterøy hatt sekretariatet i både Osterfjord Næringsssamarbeid og Regionalt Næringsfond for Osterfjord.

2. FØREMÅL

Osterfjord Næringsssamarbeid er ei fagleg og praktisk samarbeidsforeining for å fremje næringsutvikling i Osterfjordregionen. Inntekter/overskot som måtte bli skapt skal nyttast til føremålet og ikkje til økonomisk avkastning.

3. OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID SINE OPPGÅVER OG BIDRAG

I samarbeidet skal Osterfjord Næringsssamarbeid syte for følgjande oppgåver og bidrag:

- I samarbeid med kommunane og næringslivet medverke til prosjekt- og utviklingsarbeid og iverksetjing av aktuelle tiltak. Nettverksprosjekt som omfattar fleire kommunar bør bli prioritert med sikte på å utløyse det totale utviklingspotensialet i regionen.
- Vere utførande og koordinerande organ i næringsutviklingsarbeidet mellom primærkommune og fylkeskommunen og andre aktørar og samarbeidspartnarar.
- Ha oversyn over ulike kjelder til informasjon, kompetanse og finansiering for etablerarar og bedrifter. Veileie vidare til profesjonelle aktørar.
- Bidra med stønad til næringsutvikling i samarbeidskommunane.

4. SAMARBEID

Osterfjord Næringsssamarbeid er open for samarbeid med private, offentlege og andre organisasjonar slik som vellag og bulyst-prosjekt.

4.1. VESTLAND FYLKE

Osterfjord Næringsssamarbeid og Vestland fylke har tidlegare hatt eit samarbeid gjennom ein partnerskapsavtale. Denne avtalen har regulert føremål, målsettingar, oppgåver/bidrag for partane og organisering av samarbeidet.

Partnerskapsavtalen skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling. Osterfjord Næringsssamarbeid ynskjer å fortsette samarbeidet gjennom ein eventuell ny partnerskapsavtale.

4.2. HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Avtale om samarbeid for kunnskapsutvikling mellom Høgskulen i Bergen (no Høgskulen på Vestlandet og Osterfjordrådet/ Osterfjord Næringsssamarbeid – vart inngått 15.3.2007 og fornya 10.11.2014.

Denne avtalen må eventuelt fornyast. Sjå vedlegg

4.3. LAG OG FOREININGAR

4.3.1 OSTERØY INDUSTRI- OG NÆRINGSLAG

Osterøy Industri- og Næringslag er ein medlemsorganisasjon med ca. 30 medlemsbedrifter. Industrielaget stimulerer til fagleg utvikling, er engasjert i næringspolitikk og næringsutvikling, og har blant anna lagt ned stor innsats for betring av vegstandarden på Osterøy. Osterøy Industrielag er også ein aktiv deltakar i Næringsalliansen.

Osterøy Industrielag har til føremål å ivareta medlemene sine faglege, økonomiske og sosiale interesser. Laget skal arbeida for å heva det industrielle nivå og arbeida for kollegial forståing og samhold mellom medlemene.

4.3.2 OSTERØY REISELIVSLAG

Osterøy Reiselivslag arbeider aktivt for å sette Osterøy og Osterfjorden på turisme- og reiselivskartet. Visit Osterøy (Facebook, Instagram og heimeside) er eit resultat av dette

Laget arbeider også med å utvikle reiseliv i Osterfjorden i eit samarbeid med nabokommunane.

Osterøy Reiselivslag er ein stor medlemsorganisasjon med om lag 60 medlemmer fordelt på verksemder, privatpersonar og lag og organisasjonar. Osterøy Reiselivslag/ Osterøy kommune er medlem i Region Bergen som er ein svært viktig samarbeidsaktør for Osterøy som heilheit. Reiselivslaget har også eit tett samarbeid med Bergen Reiselivslag/ Visit Bergen.

4.3.3. OSTERØY UTVIKLING

Eit kommunalt selskapet som har som føremål å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt.

4.3.4. VAKSDAL NÆRINGSSKAP

Vaksdal Næringssselskap (VNS) er ein aktiv pådrivar for å gjere Vaksdal Kommune til ein attraktiv nærings- og tilflyttingskommune. VNS er førstekontakt for etablerarar og er godt forankra i næringslivet i kommunen.

4.3.5 ANDRE LAG OG FOREININGAR I VAKSDAL

Lag- og foreiningar med fokus på utvikling av næringsverksemd/reiseliv er organisasjonen Laksagiljo, Ekso Elveeigarlag og Liv-og-Lyst-gruppene i kommunen. Det er i tillegg fleire vellag i kommunen som fungerer som aktive og kompetente samarbeidspartnarar ved utvikling av tilbod til både innbyggjarar og tilreisande.

4.3.6 MODALEN

Det er fleire lag- og foreiningar i Modalen kommune med fokus på lokale aktivitetar og bygdeutvikling. Innanfor reiseliv, er destinasjonsselskapet iModalen AS ein sentral aktør. iModalen AS har som mål å profilere og marknadsføre Modalen og regionen rundt som eit spennande og attraktivt reisemål, mellom anna gjennom nettsida www.imodalen.no.

5. SÆRTREKK VED REGIONEN

Dei tre kommunane i næringsssamarbeidet er ulike både i areal, folketal og næringsliv. Likevel finn ein fellespunkt som tilstøytane kommunegrenser og sjøvegen langs Osterfjorden. Veggen er til dels kort mellom dei ulike kommunane både for innbyggjarar og moglege næringsaktørar. Eit viktig prinsipp er at det som er bra for éin av kommunane er bra for alle kommunane – og motsett. I tillegg finn ein følgjande trekk:

- Aukande grad av sentralisering
- Aukande behov for utanlandsk arbeidskraft (t.d. innanfor helse, industri, bygg og anlegg) – kompetansebehov.
- Reiselivsnæringa er sterkare representert i regionen enn i landet for øvrig.
- Vestlandet har mange sterke næringsklynger som Osterfjord Næringsssamarbeid kan bidra til knyte bedrifter opp imot.
- Regionen er ein viktig del av den energibaserte næringskjeda (olje/gass, vasskraft, havvind).
- Alle kommunane er ein del av Nordhordland biosfæreområde. Det gjev moglegheiter for m.a. samarbeid som ONS kan nytte seg av.

5.1 MODALEN KOMMUNE

Modalen med sine 388 (pr. 31.12.19) innbyggjarar har om lag 80 % av arbeidsplassane innanfor kommunal sektor. I tillegg finn ein UniMicro AS med rundt 25 tilsette, Modalen kraftlag, ulike vasskraftaktørar, nokre små handverksbedrifter, Mobryggja AS som driv restaurant og overnatting, COOP matvarehandel og ein del enkeltstående reiselivsorienterte enkeltpersonføretak. Kommunen har fleire aktive gardsbruk og legg til grunn at landbruk skal spele ei vesentleg rolle framover. Modalen kommune har eigen strategisk næringsplan og næringsfond for å støtte opp under lokalt næringsliv. Framover ser me det som avgjerande for samfunnsutviklinga at det vert etablert nye arbeidsplassar som kan sikre busetnad og aktivitet.

5.2 VAKSDAL KOMMUNE

Det er omlag 4000 innbyggjarar i Vaksdal kommune. Kommunen er ein industrikommune med dei to hjørnesteinsverksemdene på Dale og Vaksdal, historisk Dale Fabrikker og Vaksdal Mølle. Trass i at delen industriarbeidsplassar i perioden 1995-2015 gjekk ned med 70% er industri framleis den største private næringa med 32%. Det offentlege har 41% av arbeidsplassane i kommunen. Pendling ut av kommunen aukar stadig, og nærmar seg 50% av yrkesdeltakarane. Nærare 75% av innbyggjarane bur i tettstadane Vaksdal og Stanghelle, og kommunesenteret Dale. Her er finn du òg dei tre jernbanestasjonane i kommunen. E16 går òg gjennom desse tre stadene.

Stortinget skal vedta Nasjonal transportplan for dei neste elleve åra med byggestart for ny E16 og Bergensbana. Dette vil endra rammevilkåra i vesentleg grad for busetnad og næring i Vaksdal kommune. For tog vil reisetida bli mykje kortare og avgangane fleire. For veg vil den fyrst og fremst bli trygg, men òg gje høgare kapasitet og noko kortare reisetid.

Historisk er det infrastruktur innan samferdsle og vasskraft som har gjort Vaksdal kommune til det den er i dag.

5.3 OSTERØY KOMMUNE

Osterøy kommune ligg på øya Osterøy, nordaust for Bergen. Kommunen sitt landareal er på 244 km² og omfattar storparten av Osterøy, berre den nord-austlege og sparsamt busette delen av øya høyrer til Vaksdal kommune.

Innbyggartalet i kommunen er om lag 8120. Kommunesenter er Lonevåg og andre tettstader er Valestrand, Haus og Fotlandsvåg.

I ein heilt ny rapport frå Vestland fylkeskommune (2020): *Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse* – finn me at i 2019 hadde Osterøy 4 025 innbyggjarar som var registrert som sysselsette. På same tid var det registrert 2 825 sysselsette med arbeidsplass i kommunen. Helse og sosial, industri, bygg og anlegg, samt undervisning er dei fire næringsgruppene som sysselset flest personar i Osterøy.

Samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland fylke er metallvareindustrien, oppføring av bygningar, land- og rørtransport, næringsmiddelindustrien og motorkøyretøyindustrien mykje større i Osterøy.

Osterøy har eit fortrinn innan jordbruk, skogbruk og fiske, industri, bygg og anlegg, transport og lagring, samt undervisning. Det betyr at delen sysselsette innanfor desse næringsgruppene er 25 % høgare i Osterøy enn i Noreg som heilskap.

6. KJELDER TIL INFORMASJON, KOMPETANSE OG FINANSIERING

Ved å vende seg til ein av deltakarane i Osterfjord Næringssamarbeid skal ein raskt få råd og rettleiing slik at ein kjem eit steg vidare.

OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID:

Vilkår for å søkje tilskot frå Osterfjord Næringssamarbeid er at prosjektet skal vere i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar for innovasjon og næringsutvikling.

- **Formål**
Tilskot skal bidra til innovasjon og næringsutvikling i ein av dei tre kommunane eller i eit samarbeid mellom kommunane i regionen.
- **Kven kan søkje stønad?**
Fortrinnsvis etablerarar kan søkje tilskot. Men også andre etablerte næringsaktørar kan bli vurdert.
- **Kva tiltak kan få tilskot?**
Tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensiale. Målsetjingar under punkt 7. vil være styrande.
- **Kor mykje kan ein vente å få i tilskot?**
Maksimal støttedel kan være inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag til prosjektet.
- **Open søknadsfrist.** Søknader vert handsama innan 3 månader etter dei er mottatt.

Søknaden må innehalde:

- Ei omtale av tiltaket det blir søkt støtte til, inkludert målsettingar for tiltaket og ei beskriving av kva relevans tiltaket har for formålet med tilskotsordninga.
- Plan for gjennomføring, beskriving av aktivitetar, tidsplan, organisering og samarbeidspartnarar
- Beskriving av forventa resultat og effekt av prosjektet.
- Budsjett og finansieringsplan.
- Søknadssum
- Andre relevante opplysningar søkjar meiner er viktige for søknaden.

ANDRE FINANSIERINGSKJELDER:

- Tilskot til innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke, sjå lenkje: [Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling - Vestland fylkeskommune](#)
- Modalen kommune – næringsfondet, sjå lenkje <http://www.modalen.kommune.no/innhald/landbruk-ognering/naringsliv/naringsfondet/>
- Ulike regionale tilskotsordningar: www.regionalforvaltning.no

7. STRATEGISKE INNSATSOMRÅDE

På same vis som Vestland fylke legg Osterfjord Nærings samarbeid (ONS) til grunn FN sine bærekraftsmål i den regionale utviklinga. I tillegg vert innovasjon løfta fram som viktig verdiskapingsfaktor.

Sjå **Vestland fylke sitt handlingsprogram 2021-2033:**

[Berekraftig-verdiskaping-2021-2033 plan 22okt-2siders.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)

VISJON:

Nyskapande og berekraftig.

HOVUDMÅL:

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Planen har fire satsingar:

7.3. Grøn næringsutvikling

Mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030.

7.4. Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid.


7.5. Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse.

7.6. Innovative og inkluderande samfunn

Mål: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket.

Les meir her: [Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Vestland fylkeskommune](#)



8. MØTESTRUKTUR I OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Osterfjord Næringssamarbeid gjennomfører minimum 4 møter kvart år. I eit av møta skal representantar for landbruksforvaltninga i kommunane bli inviterte med. Møtereferata vert sendt til Osterfjordrådet som melding.

Faste saker på saklista skal være:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av referat
- Status arbeid med innsatsområde og handlingsplan - Kva bør vektleggast framover?
- Økonomi
 - Status Osterfjord Næringssamarbeid
 - Status prosjekt
- Oppfølging av prosjekt-/ utviklingsarbeid
- Neste møte
- Ymse

Elles saker etter behov

9. VEDTEKTER FOR OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

9.1. FØREMÅL

Osterfjord Næringssamarbeid er ein fagleg og praktisk samarbeidsforeining for å fremje næringsutvikling i Osterfjordregionen. Inntekter/overskott som måtte bli skapt, skal nyttast til føremålet og ikkje til økonomisk avkasting.

9.2. ORGANISERING / DELTAKARAR

Fellesmøtet for deltakarane står for drifta av foreininga, med sekretariatet som utførande organ. Organisasjonar og selskap som arbeider med næringsutvikling i Osterfjord-regionen kan vere deltakarar. Opptak av nye deltakarar vert avgjort av fellesmøtet.

Deltakarar ved etablering av samarbeidet i 2001 var næringskonsulenten i Modalen, Industrikonsulenten på Osterøy, Osterøy Utvikling, Vaksdal Næringsselskap AS og Osterfjord Reiselivslag.

Deltaking i Osterfjord Næringssamarbeid er frivillig og vert basert på avtale om deltaking. Avtale om deltaking i Osterfjord Næringssamarbeid vert satt opp av sekretariatet/fellesmøtet og underteikna av deltakaren. Avtalen kan seiast opp skriftleg ved eit årsskifte med varsling seinast 1. oktober året før. Avtalen kan seiast opp dersom rammeavtalen med Hordaland fylkeskommune/ Vestland fylke vert avslutta. Osterfjord Næringssamarbeid skal vere registrert i Einingsregisteret.

9.3. FELLESMØTET

Foreininga er m.a. basert på minimum 4 årlege fellesmøte kor deltakarane har møterett. Kvar år vert det på minimum eit av fellesmøta i foreininga invitert representantar for landbruksforvaltninga i kommunane.

Ved avgjersler på fellesmøta har kvar deltakar ei røyst. Deltakarar som ikkje kan møte / ikkje møter, skal varslast om slike avgjersler. Iverksetjing kan skje etter 7 dagar dersom den som er varsla ikkje har protestert. Dersom deltakarane ikkje er samde, avgjer ein dette ved fleirtalsvedtak der ein utvidar fellesmøtet ved at ordførarane i Modalen, Vaksdal og Osterøy tiltrer. Dersom stemmelikskap, har den av ordførarane som har leiarvervet i Osterfjordrådet dobbelstemme.

Protokoll frå fellesmøta vert sendt til deltakarane i Osterfjord Næringsssamarbeid og til Osterfjordrådet.

Vedtaksendring vart gjort 9.11.2020 som gjev ordførarane i Osterøy, Vaksdal og Modalen møte- og talerett i Fellesmøta, og får difor også innkalling til Fellesmøta.

9.4. SEKRETERIAT

Fellesmøtet peiker mellom deltakarane ut sekretær for samarbeidet for 2 år om gangen. Dei åra det skal peikast ut sekretariat for samarbeidet, vert dette gjort innan 1. november året før.

Sekretariatfunksjonen inneber ei koordinering av arbeidet i Osterfjord Næringsssamarbeid og dekkjer dei ansvars- og arbeidsoppgåver som følgjer av vedtektene og retningslinjer for drift. Ved gjennomføring av enkeltprosjekt ligg sekretariatfunksjonane hjå prosjektet, om ikkje anna er avtala mellom prosjektleiar/prosjektet og Osterfjord Næringsssamarbeid.

9.5. SAMARBEID MED VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Ein viktig basis for foreininga er ein rammeavtale med tidlegare Hordaland fylkeskommune, no Vestland fylke, med tilhøyrande finansiering. Sekretariatet og deltakarane forpliktar seg til å arbeide i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande avtale. Avtalen med fylkeskommunen vert underteikna av dagleg leiar i sekretariatet.

9.6. ØKONOMI

Fellesmøtet godkjenner overordna budsjett for disponering av midlane frå Hordaland fylkeskommune; overføring til deltakarane, godgjersle til sekretariatet, avsetjing av midlar til administrative kostnader som t.d. revisjon og evt. midlar til fellesprosjekt. Bruk av fylkesmidlar til fellesprosjekt vert avgjort av Osterfjord Næringsssamarbeid sine fellesmøte.

Osterfjord Næringsssamarbeid kan også skaffe/forvalte andre midlar til fellesprosjekt. Osterfjord Næringsssamarbeid kan ikkje forplikte deltakarane økonomisk utover evt. avtalar som vert inngått knytt til einskildprosjekt. Rekneskapen vert godkjent i fellesmøtet og sendt til Osterfjordrådet som melding.

9.7. REVISJON

Revisor vert utpeika av fellesmøtet.

Tidlegare revisor Randi Kleppe fortset som revisor for Osterfjord Næringsfond.

9.8. ENDRING AV VEDTEKTENE

Vedtektene kan endrast av eit utvida fellesmøte. Den einsskildede deltakar i samarbeidet/fellesmøtet kan gjere framlegg om endringar.

9.9. AVVIKLING

Eit utvida fellesmøte kan gjere vedtak om avvikling av Osterfjord Næringssamarbeid. Ved evt. avvikling disponerer Osterfjordrådet restmidlar i samsvar med føremålet.

10. RETNINGSLINER FOR DRIFT AV OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Supplement til vedtektene pr. 22.11.04.

Sekretariatet syt for at Osterfjord Næringssamarbeid har eigen bankkonto som vert disponert av dagleg leiar i sekretariatsorganisasjonen og fører rekneskap for samarbeidet sine midlar.

For prosjekt i regi av Osterfjord Næringssamarbeid skal det også førast prosjektrekneskap. Evt. godtgjersle til revisor vert dekkja som løpande administrasjonskostnader.

Dersom fellesmøtet ikkje godkjenner rekneskapen vert ansvar for godkjenning overført til eit utvida fellesmøte ved fleirtalsvedtak ved at ordførarane i Modalen, Vaksdal og Osterøy tiltrer. Dersom stemmelikskap har den av ordførarane som har leiarvervet i Osterfjordrådet dobbelstemme.

Rapportering vert gjort i samsvar med rammeavtalen med Hordaland fylkeskommune. Desse rapportane vert også sendt til deltakarane og til Osterfjordrådet.

Løpande driftsutgifter for samarbeidet vert dekkja innan ramma av godtgjersle for sekretariatsfunksjonen. Dagleg leiar i sekretariatsfunksjonen har fullmakt aleine til utbetalingar frå samarbeidet sin bankkonto til løpande driftsutgifter (innanfor budsjetttramma) og til midlar som i samsvar med budsjett skal overførast til deltakarane. Dette gjeld også utbetalingar til sekretariatsorganisasjonen som godtgjersle for sekretariatsfunksjonen (budsjettert godtgjersle minus løpande driftsutgifter). Det kan gjerast à-konto-utbetalingar pr. 15/3. 15/8 og 15/12.

Utbetalingar knytt til fellesprosjekt skal attesterast av den av deltakarane i samarbeidet som fellesmøtet har valt til dette for det aktuelle prosjektet. Utbetalingar av løyvde midlar skal vere i samsvar med dokumentasjonskrav i vedtak.

11. VEDLEGG

11.1 Partnerskapsavtalen s.1

11.2 Partnerskapsavtalen s.2

11.3 Søknad om partnerskapsmidlar 2018 – 2020

11.4. Framgangsmåte for søknad til Osterfjord Næringssamarbeid